

**HANDLINGSPLAN FOR  
PSYKOSOSIALT  
BARNEHAGEMILJØ**



**Preg**  
barnehager

**GODØY**

## INNLEIING

1.januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljøet

Den nye mobbelova skal sikre at alle barn får ein god og trygg barnehagekvardag

Nytt kapittel VIII i barnehagelova skal sørge for at alle barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, og det gjeld ikkje berre med tanke på mobbing. I det nye kapittel VIII er det krenkingar som er det overordna begrepet, der mobbing er ei form for krenking.

Forskning viser at mellom åtte og tolv prosent av barnehagebarna opplever mobbing i form av utestenging, plaging og liknande

Rammeplanen stiller krav om at dei vaksne i barnehagen jobbar systematisk for å førebyggje mobbing og annan krenkjande oppførsel, og at dei skaper eit godt miljø der barna trivest.

No er desse forpliktelsane utdjupa og tatt inn i barnehagelova.

I Preg barnehager Godøy jobbar vi for at alle barn skal ha eit godt psykososialt miljø.

- Vi har gruppedeling, og har laga minststandard for det
- Barnehagedagen skal vere forutsigbar og ha struktur
- Vi har fokus på vaksenrolla/dei vaksne sine haldningar
- Vi jobbar med relasjonsbygging barn/barn og barn/vaksen
- Alle avdelingane har tema om sosial kompetanse gjennom heile året

For barn er det viktig å ha nokon å leike med. Alle barn skal bli sett og respektert for den dei er, og kjenne seg inkludert. Det er viktig at barn blir omtalt positivt av dei vaksne, og av andre barn. Det er personalet i barnehagen i samarbeid med føresette som er ansvarleg for at det blir ivaretatt. Å jobbe førebyggjande mot mobbing og setje i gang tiltak når mobbing blir observert, handlar om å jobbe med barna sin leikekompetanse, utvikling av vennskap og ha fokus på relasjonsbygging.

## Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

### §41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Barnehagen skal ikkje godta krenkjingar som f.eks. utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakkasering. Alle som arbeider i barnehagen har plikt til å gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsatt for slike krenkjingar. Barnehagen skal førebyggje tilfeller der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barnet.

#### FØREBYGGJE MOBBING

Det er alltid dei vaksne sitt ansvar å avdekkje og førebyggje mobbing. For barn er leik og vennskap ein føresetnad for trivsel i barnehagen. Leikekompetanse og vennsksrelasjonar blir difor viktige tema i barnehagen sitt arbeid mot førebyggjing av mobbing. Når barn ikkje får til leik eller samspel med andre barn treng dei hjelp og støtte frå vaksne rundt seg. Relasjonar mellom vaksne og barn må difor vere basert på tillit og tryggleik. Dei vaksne si forståing av barn og barna sin åtferd er grunnlaget for om vaksne ser, reflekterer, handlar og evaluerer eigen praksis.

Mobbing går ikkje over av seg sjølv, og dei vaksne skal aldri tillate seg ei «vente og sjå» haldning. Den som blir mobba, og den som mobbar treng ein tydeleg vaksen som både støttar, set grenser og handlar der og då.

Ein hovedregel er at dei vaksne ikkje overser eller går forbi barn som plagar kvarandre. Då oppfattar den som utfører denne handlinga at slik åtferd ikkje er akseptert. Vi spør ikkje kva som har skjedd, men set ord på det vi har sett, og derette spør vi barna om kva som skjedde. Vi er tydelege og seier klart ifrå at slik åtferd ikkje er akseptert. Barna skal vite at dei vaksne bryr seg. Den som blir mobba/den som mobbar treng sterke og tydelege vaksne som støttar og seier ifrå.

Preg barnehager Godøy skal vere ein barnehage utan mobbing.

Barnehagen skal ha:

- Tydelege verdiar og felles haldningar som vert praktisert av alle vaksne
- Autoritative vaksne som er tydelege, varme og grensesetjande overfor alle barn
- Vaksne som legg til rette for ein god start for det einskilde barnet med blant anna gode strategiar for tilvenjing, forutsigbar dagsrytme og gode overgangar mellom aktivitetar
- Vaksne som er tilstades og deltakande i leiken til barna
- Vaksne som prioriterer leik og vennskap i kvardagen
- Kompetente vaksne som jobbar systematisk med å styrkje barna sin kompetanse og skaper eit inkluderande miljø
- Tett samarbeid med føresette prega av tillit og openheit
- Kultur for refleksjon og fagleg utvikling ved bruk av praksisforteljingar m.m.

## VAKSENROLLA

For at barna skal utvikle gode leikestrategiar og gode vennskap må dei vaksne vere gode rollemodellar.

Å ta opp problemstillingar der f.eks. vaksne krenkjar barn, er vanskeleg men nødvendig. Dersom det blir oppdaga at vaksne krenkjar barn må det stoppast med ein gong. Dette er alle vaksne som jobbar i barnehagen sitt ansvar.

Dersom eit barn blir omtala negstivt, kan det vere med på å skape ein «merkelapp» på barnet. Det er dei vaksne sitt ansvar å forstå åtferda til barnet utifrå barnet sin ståstad. Vi må sikre oss at alle i barnehagen vert omtala positivt. Språket, både verbalt og non verbalt mellom vaksen/vaksen, vaksen/barn er med på å avgjere korleis eit barn vert oppfatta av andre.

Vi brukar LØFT (**L**øsningsfokusert **T**ilnærming). Det vil blant anna seie at vi rosar barna når dei har gjort noko som er bra, det vi gjerne vil at barna skal gjere meir av.

## **Barnehagen skal skape eit trygt og godt leike- og læringsmiljø med autoritative vaksne.**

### **Det betyr at:**

- Barnet opplever likeverdig respekt frå alle vaksne
- Barnet blir møtt med omsorg og anerkjenning
- Barnet kjenner seg inkludert i fellesskapet
- Barnet opplever varme og grensesetjande vaksne
- Barnet opplever å bli sett
- Barnet får hjelp og støtte til å bli den beste utgåva av seg sjølv (utvikle kompetansen sin)

### **Dette kjenneteiknast ved at:**

- Alle barn, vaksne og familiar blir omtala positivt
- Vi støttar og rettleiar barn og tilsette
- Vi har tydelege og klare forventningar til barnet når det gjeld grenser
- Føresette og barnehagen har dialog om felles tilnærming til barnet
- Vi har fokus på leik og vennskap i kvardagen
- Vaksne viser omsorg og anerkjenner barnet

## Å SJÅ MOBBING I BARNEHAGEN

Mobbing kan vere vanskeleg å oppdage.

Personalet må ha ei felles forståing på kva mobbing og krenkjande åtferd er.

Personalet må jobbe systematisk med observasjon i barnehagen. Det er viktig at tilsette ser kvart einskild barn som eit individ med egne behov, samtidig som ein kjenner til det sosiale samseplet i barnegruppa. Det er viktig å vere observant på endringar i åtferda til barna. Det kan vere teikn på at noko er gale. Eit tett samarbeid mellom barnehage og heim gjer det lettare å fange opp endringar i åtferda til barnet.

I barnehagen har alle tilsette **aktivitetsplikt** når ein oppdagar mobbing.

**Aktivitetsplikta** består av fleire delplikter

1. Plikt til å følgje med
2. Plikt til å melde frå til dagleg leiar
3. Plikt til å undersøkje
4. Plikt til å setje inn tiltak
5. Plikt til å utarbeide ein skriftleg plan

**For å avdekkje/førebygge mobbing må personalet:**

- Vere «tett på» i leik og aktivitetar for å kunne fange opp åtferd som kan utvikle seg til mobbing. Snakke med barna om korleis dei har det
- Observere og kartlegge samspel mellom barn og mellom vaksne og barn
- Vere merksam på endringar i barna sin åtferd
- Pedagogisk leiar gjennomfører foreldresamtalar der barna sin trivsel, åtferd og vennskap blir tatt opp
- Ved behov gjennomføre barnesamtalar (med dei eldste barna) med fokus på barna sin trivsel

## **§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt Psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)**

Alle som arbeider i barnehagen skal følgje med på korleis barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen skal melde frå til dagleg leiar i barnehagen dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dagleg leiar skal melde frå til barnehageeigar i alvorlege tilfeller.

I den daglege kontakten med foreldra, og på foreldresamtalane tek vi blant anna opp tema om barna sin trivsel

På foreldremøtet og SU møtet om hausten skal det vere gjennomgang av handlingsplanen for Preg barnehager Godøy sitt psykososiale barnehagemiljø.

I september kvart år skal barnehagen ha ekstra fokus på psykososialt barnehagemiljø. Det blir blant anna tatt opp som tema på personalmøtet. På avdelingsmøta skal personalet ta opp til drøfting kva dei legg i det å krenkje eit barn. Det skal skrivast ned i referatet frå møtet.

Dette legg vi i å krenkje eit barn (det var tema på personalmøtet/møte i leiargruppa, januar 2023):

### **VAKSNE KRENKAR BARN NÅR:**

- Dei er fysisk mot barnet, brukar «sinte hender»
- Dei «henger» ut barnet sine utfordringar/»trykker det ned» med latter/ord
- Dei snakkar nedlatande til barnet (vaksne skal prøve å unngå tomme truslar som: «Er ikkje du førskulebarn? Skal du starte på Lesten igjen?»)
- Dei viser nedlatande haldning/kropsspråk

For at vaksne skal unngå å krenke barn, er det viktig med ein trygg relasjon i botnen. Dei vaksne må vere obs. på at dei handlar ulikt pga. ulik bakgrunn. Vaksne må tilpasse seg barna

### **BARN KRENKAR BARN NÅR:**

- Eit barn gjentakande gongar blir utestengt frå lek m.m.
- Eit barn gjentakande gongar er fysisk/verbal mot eit anna barn for å oppnå ein relasjon



## Verktøy/kjelder

Kari Pape

Hjerteprogrammet

Foreldreveiledning

Webster Stratton—»De utrolige årene»

Helle Høiby og Anja Trolle—»Stopp ertingen»

UDIR—»Mobbing i barnehagen»

Praksisforteljingar

Dialogspel med påstandar for drøfting

Krisepermen: Kapittelet som heiter—Mobbing mellom barn

Ingrid Lund—»De er jo bare barn»

INNBLIKK: Eit sosialt analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing  
(Utvikla av Tove Flack)

Ingrid Lund—»Mattias er alene»

Lund/Helgeland—»Mobbing i barnehagen»

«Mobbing i barnehage og skole»

Øystein Stette—»Ny mobbelov for barnehager»

Arne Opheim—»A-B-C for handtering av mobbing

UDIR: «Barn sin trivsel-vaksne sitt ansvar»

PBL Mentor HMS—»Mobbing og annen krenkende atferd mot  
barn»

«Psykososialt barnehagemiljø»

“Makt og tvang”

Giske kommune—prosedyre krenkelsar i barnehagen

Power point—Ingrid Lund

Arne Opheim

Følgjande skjema skal brukast ved mistanke om mobbing eller krenkjande åtferd i  
barnehagen:

Aktivitetslogg

Aktivitetsplan

Observasjonsskjema

Meldeskjema

Referat frå møter vedrørande mobbing/krenkjande åtferd

Alle skjema ligg i filarkivet i Kidplan i mappa:

Preg barnehager Godøy sitt psykososiale barnehagemiljø

Eg har lest og forstått innhaldet i Handlingsplan for Preg barnehager Godøy sitt psykososiale barnehagemiljø



**Preg barnehager Godøy AS**  
**Adr.: Sandmyrvegen 2, 6055 Godøya**

Telefonnummer:

Dagleg leiar: 48951404

Storhornet: 47782113/99073915

Sandvika: 47782117/99073896

Lesten: 47462810/47782122

E-post: [godoy@pregbarnehager.no](mailto:godoy@pregbarnehager.no)

Heimeside: [godoy.barnehage.no](http://godoy.barnehage.no)

*Sammen om å sette verdifulle spor*